

**SAKSPAPIR**

Saksnr	Utval	Type	Dato
112/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	21.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Truls Morten Kaland	FE - 151	16/1031

BUDSJETT 2017**Vedlegg:**

Rådmanns framlegg til budsjett 2017 - 11.11.16

GEBYR FOR HANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLPOVA, MATRIKKELLOVA MM. FOR 2017

SVAR PÅ SPØRSMÅL ETTER BUDSJETTSEMINAR FPØ (L)(67005)

Vedk planar for oppveksttun på Stamnes

Søknad om løyving av driftsmidlar til Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2017 for Vaksdal kommune slik det ligg føre med spesifikasjon av drifts- og investeringsbudsjett. Rådmannen får fullmakt til å fordele nettoramma innafor tenesteområda, og kan gjere budsjettendringar innafor områda som ein del av den løpende drifta som ikkje er av prinsipiell karakter.
2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter dei til kvar tid gjeldande reglar.
3. I medhald av eigedomsskattelova § 2 og §3a vert det skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen i 2017. Alminneleg eigedomsskattesats vert sett til 7 promille i 2017 med unntak av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar som vert sett til 5,5 promille. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0. For kraftanlegg vert § 8B i eigedomsskattelova lagt til grunn.

For eigedom eigm av stiftingar og institusjonar med allmennyttig formål, som er ført opp på

eigedomsskattekontoret si liste av 26.02.2010, vert det i medhald av § 7a gjeve fritak for eigedomsskatt. Fritak vert gjeve i 10 år for nye bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære jf §7c.

Eigedomsskatten for 2017 forfall til betaling i 4 terminer saman med kommunale avgifter.

4. Kommunestyret godkjenner ei investeringsramme på kr 64.650.000,-. Rådmann får fullmakt til å opppta nye lån innafor ei total låneramme på kr 41.720.000,-. I tillegg får rådmann fullmakt til låneopptak i Husbanken av kr 2.000.000,- til vidare utlån av formidlingslån. Alle lån i kommunen sin låneportefølje kan refinansierast i budsjettåret 2017. Rådmannen har i samsvar med finansreglementet fullmakt til å godkjenne mogeleg refinansiering av låna og lånevilkåra.
5. Rådmann får fullmakt til å redigere, rette feil og innarbeide kommunestyret sine vedtekne framlegg. Ajourført budsjett dokument vert lagt fram for Formannskapet.
6. Betalingssatsar etter «*Vedlegg – betalingssatsar 2017*» vert godkjent. Nye betalingssatsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2017, med mindre lov eller forskrift set andre fristar.
7. Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming vert vedtatt med heimel i plan- og bygningslova
§ 33-1, matrikkelova § 32, eigarseksjonslova § 7, ureiningslova § 52a, hamne og farvasslova
§ 6 og forvaltningslova § 27a jf forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker.
Forskrifta vert å kunngjere lokalt.
8. Feie- og tilsynsgebyr for 2017 vert fastsett med heimel i lov av 14.juni 2002 nr. 20 om Brannvern, § 28.
9. Vass- og avlaupsgebyr for 2017 vert fastsett med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg (§3), Forskrift om begrensning av forureining (§16) og Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune.
10. Slamtømmegebyr for 2017 vert vedteke i medhald av Forureiningslova §26
11. Fastsetjing av eigenandeler for 2017 for kommunale helse og omsorgstenester i og utanfor institusjon vert fastsett i samsvar med Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Rådmannen får fullmakt til å gjera unntak frå satsane når særlege tilhøve gjer seg gjeldande.

Saksopplysningar:

Rådmann sitt framlegg til budsjett 2017 byggjer på Økonomiplan 2017-2020. Rådmann sitt framlegg

vart presentert for kommunestyret 03.10.2016 og gjennomgått i budsjettseminar for formannskap-plan og økonomiutval 24. og 25. oktober 2016. Arbeidet med budsjettet i tenesteområda er koordinert av kommunalsjefane, og det er utabeidd nettoramme pr tenesteområde.

Skjema som ligg ved i budsjettdokumentet er i samsvar med «*Forskrift om årsbudsjett (for kommuner og fylkeskommuner)*».